



Lindås Rør & Sanitær AS
Heine Nævdal
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4565 - 14/23230

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2014

Vedk. søknad om utsleppsløyve - gbnr 60/41 Langenes

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad motteken 21.07.2014.

Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding på søknaden. Vi trudde, som de, at dette er ei kurant sak, men det er det ikkje

Kommunen har gått gjennom saka og har følgjande merknader:

- Eigedommen ligg i regulert område som er omfatta av reguleringsplan for Langenes. Del av gnr. 60 bnr. 2 og 3. Hyttetomta er regulert til hyttebygging, men området rundt gruppa med 3 hyttetomter, er regulert til landbruk. Delar av avløpsanlegget ligg i området som er regulert til landbruk. Tiltaket vert også omfatta av byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag. Tiltaket er følgjeleg ikkje i samsvar med gjeldande plan og treng dispensasjon frå arealføremålet og byggjeforbodet i 100-metersbeltet for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg grunngeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. Søknaden om dispensasjon vert send på høyring til regionale styresmakter og Bergen og Omland Havnevesen.
- Ansvarleg røyrleggar har signert på vegne av tiltakshavar. Det må leggjast fram fullmakt frå tiltakshavar.
- Søknad om utsleppsløyve skal nabovarsalast. Det er ikkje gjort .
- Situasjonsplanen er ikkje leseleg (svært utydeleg kartgrunnlag).
- Det er eit vilkår for å gje utsleppsløyve at eigedomen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår, jf krav til veg, avstand og løftehøgde. Det må dokumenterast at dette er mogleg. Dette kan gjerast ved bekreftelse frå føretaket Johnny Birkeland Transport AS som, har kontrakt på slamtømminga i kommunen, per dato. Reguleringsplanen legg opp til felles parkeringsplassar og gangsti fram til hyttene. Det er ikkje godkjent kjøreveg fram til eigdommen. Det er godt over 100 m frå regulert parkeringsplass til hyttetomta.

Vi ber om at supplerande dokumentasjon vert innsend **innan 1. desember** 2014. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen, vert saka akivert utan handsaming.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Langenes
Solhytten AS

Sandslihovden 39 5254
Welhavens vei 4 4319

SANDSLI
SANDNES

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ